



Breheimen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utvalg: Breheimen nasjonalparkstyre

Møtested:

Dato: 19.06.2026

Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 15/26	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 16/26	Breheimen NP - Skjåk - Glittervatnet - motorferdsel - 2026 - 2030 - motorbåt - Skjåk Almenning		2026/3575
ST 17/26	Breheimen NP - Høydalen LVO - Strynefjellet LVO - Høyrokampen NR - Arealrepresentativ naturovervåkning - 2026 til og med 2030 - NINA		2026/7009
ST 18/26	Breheimen nasjonalpark - Behandling av klage på delegert vedtak -motorferdsel -Øyaskredene - Fossabakkane - Kartlegging av snøskredfare - Utbygging av Illvatn kraftstasjon - Hydro Energi		2026/3304
ST 19/26	Breheimen nasjonalpark - Retningslinjer for bruk av kommersielt merke - 2026 til 2030		2026/6951
ST 20/26	Breheimen nasjonalpark - søknad om å bruke det kommersielle merket - 2026 -2030 - Elvepurka		2026/7034
ST 21/26	Delegerte vedtak		
DS 9/26	Delegert vedtak - Breheimen NP - Skjåk - Glitterbue - Styggeværskvila - Rundhaug - organisert ferdse - 2026 - utsetting av turposter - Fjellgeita i Skjåk IL		2026/2898
DS 10/26	Breheimen NP - Mysubytta LVO - Strynefjellet LVO - Høydalen LVO - motorferdsel - 2026 - 2029 - helikopter - snøskuter - fangst og radiomerking av jerv - Ny frist for gjennomføring - Norsk institutt for naturforskning NINA		2025/10781
DS 11/26	Delegert sak - Mørkridsdalen LVO - 2026 - Vetlafossa - tiltak på buføringsveg - Skjolden grunneigarlag		2026/3899
DS 12/26	Delegert vedtak - Breheimen NP - Skjåk - Nedre Søvertjønn - motorferdsel - 2026 - snøskuter - Ola Yttre		2026/1576
DS 13/26	Delegert vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - Øyaskredene - Fossabakkane - motorferdsel - 2026 - helikopter - kartlegging av snøskredfare - utbygging av Illvatn kraftstasjon - Hydro Energi AS		2026/3304
DS 14/26	Delegert vedtak - Breheimen NP - Mysubytta LVO - Honnsrøve NR - Strynefjellet LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2029 - preparering av skiløyper - Skjåk Turløyper		2026/1555
DS 15/26	Delegert vedtak - Breheimen NP - Skjåk - Lundadalsvatnet - motorferdsel - 2026 - 2029 - snøskuter - Tor Erik Myhren		2026/3544

DS 16/26	Delegert vedtak - Mysubytta LVO - Skjåk - motorferdsel - 2026 - 2029 - snøskuter - Silje Teigen Ørjasæter	2026/3569
DS 17/26	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2029 - snødekt mark - transport av saltstein - Sauhytta - Yste Sætre - beitebrukere i Lundadalen v/ Tor Erik Myhren	2022/2987
DS 18/26	Breheimen - Delegert vedtak - Justering av trasé - kjentmannsturar ID3 og ID4- 2026 - Luster RKH	2024/2428
DS 19/26	Mørkridsdalen - Delegert vedtak - dispensasjon - motorferdsel - Åsetevatnet - Anfinn Bergesen	2025/8757
ST 22/26	Eventuelt	

ST 15/26 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /



Arkivsaksnummer: 2026/3575-3

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 12.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyret	16/26	19.06.2026

Breheimen NP - Skjåk - Glittervatnet - motorferdsel - 2026 - 2030 - motorbåt - Skjåk Almenning

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 19. juni 2026 har Breheimen nasjonalparkstyret vedteke å gje Skjåk Almenning løyve til bruk av ein båt med motor i samband med kultiveringstiltak i Glittervatnet. Løyvet er gjeve med heimel i § 3 pkt. 6.3 bokstav o i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark.

Følgjande vilkår gjeld for løyvet i samband med utfisking av Glittervatnet:

- På Glittervatnet er det tillate å nytte båt med motor med maksimal effekt på 10 hk. Høgste lovlege fart er 8 knop.
- Bruk av motor på båt skal berre skje i samband med gjennomføring av kultiveringstiltaket.
- Bruken av motor på båt skal bli avgrensa til det som er strengt nødvendig for kultiveringstiltaket.
- For å sikre ei effektiv gjennomføring av tiltaket kan motorbåt også nyttast på sundagar dersom dette er nødvendig.
- Løyvet gjeld for fiskesesongane i perioden 2026 til og med 2030.
- Dersom bruken av motor ikkje skjer i samsvar med løyvet, eller dersom dette medfører negativ påverknad på verneverdiane, kan nasjonalparkstyret trekkje løyvet attende på kort varsel.
- Det skal førast køyrebok for all bruk av motorbåt, med opplysningar om dato og tidspunkt for start og slutt for kvar tur. Køyrebok og dispensasjonen skal vere med under all bruk. Køyreboka skal sendast inn etter sesongslutt, seinast innan 1. november for kvart av åra 2026, 2027, 2028, 2029 og 2030.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Skjåk er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå kommune og/eller grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. Forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendes til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Tidlegare løyve til bruk av motorbåt frå 2016 med saksnummer 2016/3414-2.
- Søknad frå Skjåk Almenning, datert 07.01.2026.

Saksopplysningar

Skjåk Almenning søker med dette om dispensasjon fra verneforskriften for Breheimen nasjonalpark for bruk av båtmotor på Glittervatnet i forbindelse med et planlagt utfiskingsprosjekt i perioden 2026–2031, med mulighet for forlengelse dersom tiltakene viser god effekt. Tidligere ble det gitt tillatelse for en femårsperiode (2016–2020).

Bakgrunn og mål

Glittervatnet ligger i Breheimen nasjonalpark, vest for Billingsdalen i Skjåk kommune. Vannet ligger 1185 moh, er om lag 1,97 km² stort og 2,8 km langt. Skjåk Almenning har utleiehytte og naust med båt og garn ved østre enden av vannet, og området er lett tilgjengelig for både lokale og tilreisende fiskere.

Vannet har tidligere vært et av de bedre fiskevannene i Skjåk etter flere år med aktiv utfisking av lokale ildsjeler. Etter at motorforbudet ble innført ved opprettelsen av Breheimen nasjonalpark i 2009, har det likevel vært vanskelig å opprettholde nødvendig innsats. Resultater fra prøvefiske (sist i 2013) viser en bestand dominert av mager fisk med lav kondisjon. Dette tyder på overbefolkning og redusert næringstilgang.

Målet er å forbedre tilstanden i vannet og få en fiskebestand som er tilpasset næringsgrunnlaget, med fisk av god kondisjon og vekst. For å oppnå dette ønsker vi å starte opp et nytt utfiskingsprosjekt over fem år (2026–2031), med mulighet for forlengelse dersom tiltakene viser god effekt.

Gjennomføring og tiltak

Utfiskingen vil skje med småmasket garn (maskevidde inntil 22,5 mm) for å redusere antallet fisk under 25 cm. Det kan også være aktuelt å supplere med ruser i bekkene. Det vil bli ført fangstrapporter, tatt prøver av fisk og gjort vurderinger årlig, slik at vi kan følge utviklingen over tid. Etter tre til fem år vil vi gjennomføre et nytt prøvefiske for å vurdere effekten.

Skjåk Almenning vil stille med båt, utstyr og ressurser, og flere frivillige har meldt seg til å bidra. For å sikre god fremdrift og sikkerhet er motorbåt en forutsetning.

Vurdering av alternativ

Vi har vurdert bruk av elektrisk motor, men har kommet frem til at dette ikke er et realistisk alternativ. Det er ikke ønskelig å etablere strøm eller solceller på hyttene, da dette vil endre bruken og karakteren av området. El-motorer krever tunge batterier, noe som gjør transporten upraktisk og belastende i dette terrenget. Tradisjonell motorbåt er derfor det mest effektive, sikre og minst inngripende alternativet.

Erfaring fra tidligere periode

Forrige dispensasjon ble gitt for perioden 2016–2020, med vilkår om at motorferdsel ikke var tillatt på søndager. Erfaringene fra denne perioden har vist at dette har vært krevende i praksis. Dersom man skal være effektiv med utfiskingen, må det ofte settes ut flere garn over store deler av vannet. Disse settes som regel med motorbåt på lørdagen, og det oppleves som både tungvint og lite hensiktsmessig å måtte trekke garnene med robåt dagen etter.

Tiltaket ble samlet sett benyttet i relativt liten grad i denne perioden. Dette kan blant annet forklares med at mange av dem som hadde anledning til å delta i utfiskingen i hovedsak kunne avsette tid i helgene. Søndagsforbudet gjorde gjennomføringen mer tungvint og kan ha virket demotiverende for videre innsats over tid.

Etter ferdigstillingen av ny Glitterbu har interessen for å bidra til utfisking og forbedring av fiskevannet igjen tatt seg opp blant lokalbefolkningen. Dette ser Skjåk Almending svært positivt på, og vi mener at bedre tilrettelegging for praktisk gjennomføring vil være viktig for å kunne utnytte dette engasjementet på en god måte.

For å få til et mer effektivt og jevnt fiske, og for å legge bedre til rette for frivillige som ønsker å bidra i dugnadsarbeidet, håper vi at nasjonalparkstyret vil vurdere å oppheve søndagsforbudet. Det vil gjøre det enklere å gjennomføre planlagt innsats og kan bidra til at flere ønsker å være med på utfiskingen.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høgjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon og landskap, og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen er det sett følgande forvaltningsmål om bl.a.

jakt og fiske:

Det er eit sentralt mål for forvaltinga av Breheimen at jakt og fiske framleis skal kunne gå føre seg innanfor rammene av verneføremålet. Desse aktivitetane høyrer til det enkle friluftslivet som er ein del av verneføremålet, og har stort betydning, særleg lokalt. Jakt og fiske utgjer dessutan eit bidrag til å regulere bestandane.

I forvaltningsplanen for Breheimen nasjonalpark står følgjande om støy:

Stillheit har sin eigenart og sin eigenverdi. Målet er å halda unødig støy i verneområda på eit så lågt nivå som mogleg.

Det er òg forbod mot unødvendig støy, t.d. motordur i verneområda for å sikre område der naturen sine egne lydar og stillheit er ein viktig del av naturmiljøet og for folk sin natur- og opplevingsverdi.

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Vurdering

Skjåk Almenning søker om dispensasjon frå verneforskrifta i Breheimen nasjonalpark for bruk av båtmotor i samband med utfisking av Glittervatnet. Bakgrunnen er at fiskebestanden over lengre tid har vore for stor i høve til næringsgrunnlaget i vatnet, noko som har ført til ein nedgang i fiskekvaliteten. Ifølgje Skjåk Almenning er dette dokumentert gjennom prøvefiske i 2013. Resultata viste ein sterkt overbefolka bestand med stort behov for tynningsfiske. Gjennomsnittleg kondisjonsfaktor var 0,81, som indikerer mager fisk, og berre fire av 66 fiskar hadde normal kondisjon. Sjølv om det er gått noko tid sidan siste ordinære prøvefiske, er inntrykket at situasjonen i stor grad er uendra fram til i dag.

Glittervatnet er rett i underkant av 2 km² i areal, nesten 3 km langt og ligg 1185 meter over havet. Frå næraste bilveg er det rundt 1–1,5 times gange. I tillegg til allmenningshytta er det to andre private hytter ved vatnet og fire naust. Skjåk Almenning grunnjev søknaden med at det er vanskeleg å gjennomføre ei effektiv utfisking med garn i eit så langstrekt vatn utan bruk av båtmotor, mellom anna fordi vatnet er svært utsett for vind.



Kart over Glittervatnet i Breheimen nasjonalpark.



Glittervatnet sett frå vest mot aust.

Forvaltningsmyndigheita legg til grunn at kunnskapsgrunnlaget om området og dei moglege konsekvensane av tiltaket er tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8. Vurderinga byggjer på opplysningar i relevante databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, tilgjengelege naturfaglege utgreiingar og elles allmenn kunnskap om området. På denne bakgrunn vurderer forvaltningsmyndigheita at det finst eit tilfredsstillande grunnlag for å identifisere moglege negative verknader for naturmiljøet. I samsvar med naturmangfaldlova §§ 9–12 kan det ved eit eventuell løyve fastsetjast nødvendige vilkår for å førebyggje eller avgrense skade på naturmangfaldet.

Utfisking av eit vatn kan vera eit viktig tiltak for å betre fiskeresursane når bestanden er for tett i høve til næringsgrunnlaget. Når det er for mange fisk i eit vatn, blir konkurransen om mat stor, noko som fører til dårlegare vekst, låg kondisjon og ein bestand med mykje små og mager fisk. Ved å redusere talet på fisk gjennom målretta utfisking, blir det meir næring til kvar enkelt fisk. Dette gir betre vekstvilkår, høgare kondisjon og på sikt ein meir variert bestand med større og sunnare individ.

Ein meir tilpassa bestand fører til betre samspel mellom fisk, næringsdyr og planteliv, noko som styrkar den økologiske tilstanden. Samstundes kan tiltaket auke kvaliteten på fisket for brukarane, både ved at fisken blir større og i betre form. Forvaltningsmessig er utfisking difor eit viktig verkemiddel for å sikre ein meir berekraftig og robust fiskebestand over tid. På bakgrunn av dette meiner nasjonalparkforvaltaren at det er positivt at Skjåk Almenning ønskjer å gjennomføre utfisking av Glittervatnet. Det er ein føresetnad at det blir lagt opp til god oppfølging og evaluering av tiltaket, mellom anna gjennom framtidige prøvefiske for å dokumentere resultat.

Eit av måla i forvaltningsplanen er å halde omfanget av motorferdsel så lågt som mogleg innanfor verneområdet. Bruk av påhengsmotor vil normalt medføre støy som kan verke forstyrrande på naturmiljøet og opplevingsverdiane i området. Samstundes opnar verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark for å kunne gje løyve til motorisert ferdsel i samband med tiltak som er nødvendige for forvaltning av artane (§ 3 pkt. 6.3 bokstav o).

Det er ikkje registrert sårbarheitssoner i det aktuelle området. Samstundes er området klassifisert som heilårsbeite for villreinen i Breheimen, men ein legg til grunn at villreinen ikkje vil bli nemneverdig uroa av dette tiltaket. Området blir elles nytta sporadisk til friluftsliv og tiltaket vurderast ikkje å kome i vesentleg konflikt med denne bruken dersom det blir gjennomført på ein skånsam måte. Ei mellombels auke i aktivitet, til dømes ved bruk av motorbåt under utfiskinga vil truleg ha avgrensa innverknad på naturopplevinga.

Det er ikkje andre kjente registrerte naturverdiar, artar eller brukarinteresser av særleg verdi som vil bli vesentleg negativt påverka av tiltaket. Med gode avbøtande tiltak, som avgrensa bruk av motorisert ferdsel og ei generell skånsam gjennomføring, framstår tiltaket som akseptabelt i høve til verneformål og naturmiljø.

I dette tilfellet er det tale om eit avgrensa og målretta tiltak for å betre tilstanden i ein fiskebestand som er i ubalanse. Bruk av motor vil kunne gjere arbeidet med utfiskinga både meir effektivt og tryggare, særleg på eit så stort og vindutsett vatn, der bruk av robåt kan vere krevjande og til dels risikofyllt. Samstundes vil ein meir effektiv gjennomføring kunne redusere behovet for langvarig aktivitet og dermed avgrense den samla belastninga på området.

Det same gjeld tilgangen til å bruke motor på sundagar. I utgangspunktet har det vore streng praksis i Breheimen om å unngå motorstøy i verneområda på sundagar. I dette tilfellet blir det likevel lagt til grunn at både praktiske og gjennomføringsmessige omsyn tilseier at det er nødvendig å opne for bruk av motorbåt også på sundagar i samband med dette kultiveringstiltaket.

Etter ei samla vurdering legg forvaltningsmyndigheita til grunn at føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9, ikkje får avgjerande betydning i saka, under føresetnad av at vilkåra blir etterlevde. Bruk av påhengsmotor på Glittervatnet i samband med utfisking blir ikkje vurdert å medføre nemneverdige ulemper for verneverdiane eller verneformålet. Det blir vidare lagt til grunn at saka har avgrensa presedensverknad, då søkjar er grunneigar og forvaltar bruksrettane som jakt, fangst og fiske i området.

Det blir opna for at ordninga kan prøvast ut i ein ny tidsavgrensa periode på fem år, med påfølgjande evaluering. Det blir presisert at det ikkje ligg føre nokon automatikk i forlenging av løyvet, særleg dersom evalueringa viser at tiltaket har uheldige verknader for verneverdiane eller verneformålet, jf. naturmangfaldlova §§ 8–10. Det er vurdert at tiltaket ikkje vil medføre miljøforringing. Tiltakshavar pliktar likevel å gjennomføre nødvendige tiltak for å sikre at naturmangfaldet ikkje blir skadelidande. Dersom denne plikta ikkje blir oppfylt, kan forvaltningsmyndigheita påleggje tiltakshavar å gjennomføre avbøtande eller gjenopprettande tiltak for å rette opp eventuell skade. Vurderingar av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar er ikkje nærare behandla i denne samanhengen, jf. naturmangfaldlova §§ 11–12.



Arkivsaksnummer: 2026/7009-1

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 15.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	17/26	19.06.2026

Breheimen NP - Høydalen LVO - Strynefjellet LVO - Høyrokampen NR - Arealrepresentativ naturovervåkning - 2026 til og med 2030 - NINA

Innstilling frå forvaltar

I styremøtet 19 juni 2026 gjev nasjonalparkstyre for Breheimen Norsk institutt for naturforskning (NINA) v/Lise Tingstad løyve til å gjennomføre datainnsamling som søkt om for prøveflater i Breheimen nasjonalpark jf. § 3. pkt. 1.1 i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark, jf. § 4 i verneforskrifta for Høydalen landskapsvernområde, og § 4 i Strynefjellet landskapsvernområde og jf. § 4 i verneforskrifta for Høyrokampen naturreservat. Løyvet er fatta med heimel i § 48 i naturmangfaldlova, fyrste alternativ.

Følgjande vilkår gjeld:

- Løyvet gjeld for følgjande tiltak:
 - setje ned/behalda to små metallrøyr i samanheng med merking av ruter for analyse (til saman 18 ruter pr. ANO-flate/område). Røyra skal brukast til å finne att posisjonen på ruta frå år til år når ruta skal analyserast på nytt.
 - uttak av små mengder plantemateriale i forbindelse med registrering av artar.
- All ferdsel i samband med registreringane skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.
- Det må etablerast gode rutinar for registrering av kvar det blir sett ut metallrøyr i bakken slik at ein sikrar at alle røyra blir henta inn når prosjektet er ferdig.
- Løyvet gjeld fram til prosjektet er avslutta. Metallrøyra skal fjernast så snart prosjektet er avslutta og seinast i løpet av hausten 2030.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til naturmangfaldlov/verneforskrifta for verneområda. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå Lom, Luster og Skjåk kommune og grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om fornying av løyve til ANO
- E-postkorrospondanse mellom nasjonalparkforvaltar og NINA

Saksopplysningar

«Norsk institutt for naturforskning skal på oppdrag fra Miljødirektoratet utføre kartlegging i forbindelse med det nasjonale overvåkingsprogrammet "Arealrepresentativ naturovervåking (ANO). Programmet samler blant annet inn data på viktige indikatorer for fagsystem for økologisk tilstand. Overvåkingsprogrammet vil ikke fokusere på resultater fra enkeltområder, men alle innsamlede data vil tilsammen gi en nasjonal statistikk på langsiktige endringer i norsk natur. For mer informasjon, se Arealrepresentativ naturovervåking (ANO) (nina.no)

Overvåkingsflater er fordelt over hele fastlands-Norge, valgt fra SSBs rutenettverk med 500x500 meter flater. I hver flate er det lagt ut et forband på 18 punkter som undersøkes hvert femte år. På hver av de 18 punktene i en ANO-flate registreres vegetasjon i en 250 m² sirkel og en kvadratmeterrute i midten av sirkelen. Siden ANO er et langsiktig overvåkingsprosjekt, så merkes kvadratmeterruta med to fastmerker for å gjøre det mulig å finne tilbake til eksakt samme rute fem år senere.

Datainnsamlingen i ANO gjøres på faste punkter og inkluderer to komponenter:

- Registrering av variabler for økologisk tilstand, herunder artssammensetning, vegetasjonsdekning og vegetasjonsstruktur.
- Kartlegging av naturtyper etter NiN kartleggingsinstruks for målestokk 1:5000

For kart over lokalitetene, se vedlegg under.

Det søkes herved om dispensasjon til kunne sette ned to metallrør i forbindelse med merking av analyseruter, til sammen 36 merker pr 500 x 500 m ANO-flate. Fastmerkene som benyttes er aluminiumsrør med 1 cm diameter og lengde 5-10 cm (avhengig av terreng). Merkene blir satt helt ned i jorda, slik at de er svært lite synlige. Dersom punktene havner på stein eller annet materiale som er uegnet for fastmerking, blir punktene kun merket på GPS. Når prosjektet avsluttes, vil alle fastmerker fjernes.

I tillegg kan det bli aktuelt med uttak av små mengder plantemateriale til belegg for artsbestemmelse. Feltarbeidet vil foregå i tidsrommet juni, juli og august-de ulike åra. All ferdsel i forbindelse med kartleggingen vil skje i tråd med friluftslovens regler om ferdsel og god ferdselskultur.»

Oversiktskart over aktuelle lokasjoner i og omkring verneområda til Breheimen nasjonalpark:



Figur 1 Aktuelle lokasjoner for ANO i perioden 2026-2030 innanfor verneområda til Breheimen nasjonalparkstyre.

Nasjonalparkforvaltars samanfating:

Nr	Lokalitet	Koordinat (x)	Koordinat (y)
35	Sveintjørni, Luster	117250	6867250
913	Steinflyi, Skjåk	130750	6872250
328	Tverrfjellet, Skjåk	137250	6878250
234	Hellstuguvatnet, Skjåk	113750	6894250
981	Hornenosi, Luster	99750	6843750
988	Greindalen, Luster	106250	6860250
960	Skålavatnet, Luster	120750	6847250
649	Vassenden, Lom	136750	6856250
911	Lomseggje, Lom		

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev datert 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet landskapsvernområde, Mysubytta landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde, Mørkridsdalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde og Høyrokampen naturreservat til Breheimen nasjonalparkstyre i medhald av § 62 i naturmangfaldlova.

Verneformål – forskrift

Breheimen nasjonalpark

Formålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep.

I verneforskrift for Breheimen nasjonalpark står det at *med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar.....* (§ 3 pkt. 1.1).

Forvaltingsmyndigheita kan i denne samanhengen gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta §4, jf. naturmangfaldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

I verneforskrift for Breheimen nasjonalpark står det at vegetasjon, også daude busker og tre, skal vernast mot skade og øydelegging av alle slag. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode (§ 3 pkt. 2.1). Forvaltingsmyndigheita kan i denne samanhengen gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta §4, jf. naturmangfaldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

Strynefjellet landskapsvernområde

Føremålet med Strynefjellet landskapsvernområde er å ta vare på eit naturlandskap med økologisk verdi og opplevingsverdi.

I verneforskrift for Strynefjellet landskapsvernområde står det at *området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar.....* (§ 3 pkt. 1.1). Forvaltingsmyndigheita kan i denne samanhengen gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta §4, jf. naturmangfaldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

Høydalen landskapsvernområde

Føremålet med Høydalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi, og som er identitetsskapande.

I verneforskrifta med Høydalen landskapsvernområde står det at Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar..... §3 pkt. 1.1).

I § 2 pkt 2.1. i verneforskrifta for Høydalen landskapsvernområde står fylgjande:

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging som kan endre det verna landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg. Innføring av nye planteartar er forbode. For dyrka mark gjeld forbodet mot innføring av nye planteartar berre planteartar som gjennom spreiding kan redusere verneområdet sin verdi.

Forvaltingsmyndigheita kan i denne samanhengen gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta §4, jf. naturmangfaldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

Høyrokampen naturreservat

Føremålet med Høyrokampen naturreservat er å ta vare på eit område som inneheld sjeldsynte og trua karplantar, lav, mosar og sopp. Området har ein særskilt verdi som botanisk lokalitet. Vidare er føremålet med naturreservatet å ta vare på eit område med særskilt verdi for biologisk mangfald i form av naturtypar, økosystem, plante- og dyreartar og naturlege økologiske prosessar. Reservatet har stor variasjon i naturtypar, mellom anna sørvendt berg og rasmark, naturbeitemark, kalkrike område i fjellet og kalkskog. Området har og særskilt naturvitskapleg verdi som vitskapleg og pedagogisk referanseområde.

I § 3 bokstav a i verneforskrift for Høyrokampen naturreservat står følgande:

Vegetasjon, mellom anna daude busker og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbod mot å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller deler av desse frå reservatet. Planting eller såing av trær og annan vegetasjon er forbode.

Forvaltingsmyndigheita kan i denne samanhengen gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta §4, jf. naturmangfaldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

Derfor må denne søknaden vurderast etter dispensasjonsparagrafen i § 48 i naturmangfaldlova. I lova står det bl.a.:

Forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen står følgande om forskingsaktivitet:

Det er eit mål at verneområda i Breheimen kan nyttast til forskning og undervisning når det er naudsynt for kvalitet og resultat på forskings- eller undervisningsprogram, så lenge det er i tråd med verneføremålet, og nytten overstig skade/ ulempe for naturmiljøet.

Breheimen nasjonalparkstyre skal ha god kontakt med forskingsmiljøa som nyttar Breheimen og nærliggjande område.

Kunnskap om, og formidling av forskingsresultat er ei viktig oppgåve for forvaltinga.

Forskings- og undervisningsopplegg som kan gjennomførast med tilnærma same verdi utanfor verneområda, skal kanalisert dit.

Forskning og undervisning som ikkje er i strid med verneføremålet og som skjer i samsvar med vernereglane kan skje utan løyve. Elles kan nasjonalparkstyre gje løyve til forskingsaktivitet gjennom dei generelle dispensasjonsreglane i forskriftene.

Aktivitetar i samband med forskingsprosjekt som krev løyve etter verneforskriftene, skal skje i regi av universitet, høgskule, forskingsinstitutt eller anna godkjend instans med forskingskompetanse.

Forskningsprosjekt i Breheimen nasjonalpark skal som hovudregel byggje på undersøkingar i urørt natur, eller vere retta mot aktuelle forvaltingsretta problemstillingar/utfordringar som vedkjem verneføremål og verneområde. Kravet i høve urørt natur vil ikkje vere like viktig i landskapsvernområda og forskning knytt til kulturlandskap og kulturhistorie vil bli prioritert.

Aktuelle forskingsprosjekt må tilfredsstille vitenskaplege krav til oppbygging og gjennomføring.

Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift/naturmangfaldlov må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlovenes miljørettslege prinsipp som er nedfelt i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar, samt miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder), jmfør § 7.

Denne søknaden skal vurderast etter dispensasjonsparagrafen i § 48 i naturmangfaldlova. I lova står det bl.a.:

Forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

Vurdering

På oppdrag for Miljødirektoratet søker Norsk institutt for naturforskning (NINA) om å få utføre vegetasjonskartlegging i samband med prosjektet «Arealrepresentativ naturovervåking» (ANO) i Breheimen. ANO er et nasjonalt overvåkingsprogram som samlar inn data på viktige indikatorar for fagsystem for økologisk tilstand. Prøveflatene, som er 500x500 m store, ligg i Breheimen nasjonalpark, Høydalen Landskapsvernområde, Strynefjellet landskapsvernområde og Høyrokampen naturreservat. Det har blitt gjeve løyve til same formål på desse stadane tidlegare, men då i ulike omgangar. Nå har undersøkinga

kome så langt at det er søkt om tillating i ein fireårsperiode for alle lokasjonane innanfor verneområda til Breheimen nasjonalparkstyre. Det er gjeve løyve til same formål i andre verneområde i Noreg tidlegare.

I § 33 bokstav h i naturmangfaldlova står det at eit av formåla med områdevern er bevaring av referanseområder for å følgje utviklinga i naturen. I denne samanhengen må det gjerast vitskapelege registreringar for å dokumentere naturens utvikling. Eit nasjonalt prosjekt som dette, med et nettverk av flater, er i tråd med et slikt mål. I forvaltningsplanen er det eit tydeleg mål at verneområda i Breheimen skal kunne nyttast til forskning og undervisning når det er naudsynt for kvalitet og resultat på forskings- eller undervisningsprogram, så lenge det er i tråd med verneføremålet, og nytten overstig skade/ ulempe for naturmiljøet.

I praksis er det ut frå søknaden søkt om følgjande tiltak innanfor dei ulike flatene:

- Behalda eller setje ned to små metallrøyr i samanheng med merking av ruter for analyse (til saman 18 ruter pr. ANO-flate/område). Røyra skal brukast til å finne att posisjonen på ruta frå år til år når ruta skal analyserast på nytt.
- uttak av små mengder plantemateriale i forbindelse med registrering av artar.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. Det er god oversikt over biotopar og artsmangfald i området. Ein del av desse blir følgd opp av lokalt personell frå Statens naturoppsyn (SNO). Det er ikkje registrert sårbare lokalitetar for fugl i nærleiken til desse flatene og det er heller ikkje registrert kulturminne innanfor flatene.

Villreinen bruker områda som barmarksbeite, og ANO 988 i Greindalen, 328 ved Tverrfjellet, 913 ved Steinflyi, 960 ved Skålavatnet er registrert trekkveg for villreinen. Det blir likevel vurdert at det er ein marginal aktivitet som dette ikkje vil påverke villreinen negativt (§ 8). Det er ynskjeleg frå søkjars hald at ein gav tillating til at metallrøyrene skal kunne stå til prosjektet vert avvikla. Med bakgrunn i at det er Miljødirektoratet som er eigar av prosjektet, og NINA som skal utføra det via anbod, så er det usikkert om det vert NINA som kjem til å fylgje opp oppdraget på seinare tidspunkt. Innstillinga er difor at ein kan gje tillating til siste året for inneverande oppdragsperiode.

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget meiner nasjonalparkforvaltar at det ikkje er nødvendig å ta i bruk føre-var-prinsippet (§ 9) i saken. Slik det er beskrive i søknaden vil metallrøyra knapt vera synlege og plantematerialet som eventuelt blir teke ut er av marginal mengde. I forhold til økosystem-tilnærming og samla belastning, vurderer nasjonalparkforvaltar at det er forsvarleg å tillate tiltaka slik dei er beskrive i søknaden frå NINA. Det er ikkje vurdert at verneverdiane eller verneformålet blir nemneverdig påverka ved gjennomføring av tiltaka. Den samla belastninga vil ikkje bli større enn den er i dag, dersom vilkåra blir følgd. Det er viktig at tiltakshavar har gode rutinar for registrering av kvar det blir sett ned metallrøyr, slik at det er mogleg å finne att røyra når prosjektet er ferdig (§10). Tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er naudsynt for at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort, kan tiltakshavar bli pålagt å setja i verk tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar sikrast dette gjennom vilkåra som er stilt i saken (§§ 11-12).



Arkivsaksnummer: 2026/3304-9

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 15.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	18/26	19.06.2026

Breheimen nasjonalpark - Behandling av klage på delegert vedtak -motorferdsel -Øyaskredene - Fossabakkane - Kartlegging av snøskredfare - Utbygging av Illvatn kraftstasjon - Hydro Energi

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 19.06.2026 har Breheimen nasjonalparkstyre etter ei forny gjennomgang av saka og gjennom Statsforvaltaren i Vestland si klage ikkje funne grunnlag for å omgjera vedtaka.

Breheimen nasjonalparkstyre har vurdert at ein kan ta omsyn til hekkelokaliteten til kongeørn ved å trekke det området ut av tillatinga, men kan elles ikkje sjå at klaga kjem med nye moment som ikkje var kjent og vurdert på vedtakstidspunktet, og dette gjer at nasjonalparkstyret ikkje endrar tidlegare vedtak. Breheimen nasjonalparkstyre opprettheld delegert vedtak i sak 2026/3304-2. Klaga vert sendt over til Miljødirektoratet for endeleg avgjersle jf. § 33 i forvaltningslova.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad – Breheimen NP – Øyaskredene – Fossabakkane -motorferdsel-2026 -helikopter – kartlegging av snøskredfare – utbygging av Illvatn kraftstasjon – Hydro Energi AS, datert 03.03.2026
- Delegert vedtak – dispensasjon – Breheimen NP – Øyaskredene - Fossabakkane -motorferdsel -kartlegging av snøskredfare – utbygging av Illvatn kraftstasjon – Hydro Energi AS, datert 25.03.2026
- Førespørsel – utsatt klagefrist Breheimen NP -Øyaskredene- Fossabakkane – 2026-helikopter -kartlegging av snøskredfare-utbygging av Illvatn kraftstasjon - Hydro Energi AS, frå Statsforvaltaren i Vestland

- Innvilga – Utsett klagefrist- Breheimen NP -Øyaskredene- Fossabakkane – 2026-helikopter -kartlegging av snøskredfare-utbygging av Illvatn kraftsasjon - Hydro Energi AS, til Statsforvaltaren i Vestland
- Klage Breheimen NP -Øyaskredene- Fossabakkane – 2026-helikopter - kartlegging av snøskredfare-utbygging av Illvatn kraftsasjon -Hydro Energi AS, frå Statsforvaltaren i Vestland
- Vedtak om oppsetjande verknad – klage – Breheimen NP -Øyaskredene- Fossabakkane – 2026-helikopter -kartlegging av snøskredfare-utbygging av Illvatn kraftsasjon -Hydro Energi AS, frå nasjonalparkforvaltar for Breheimen til Hydro Energi AS
- Kart over hekkelokalitet for kongeørn (unnateke offentlegheit)

Saksopplysningar

«Klage på vedtak om helikoptertransport - Breheimen nasjonalpark

Breheimen nasjonalparkstyre har på nærare vilkår gjeve dispensasjon til bruk av helikopter i samband med kartlegging av skredfare for anleggsveg mellom Øyane og Fivlemyrane i perioden 25. mars 2026-1. juni 2026. Dispensasjonen er gjeve med heimel i naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd første alternativ. Statsforvaltaren meiner at vilkåra for å gje dispensasjon ikkje er oppfylt og påklagar difor dispensasjonen i delegert sak 2026/3304 datert 25. mars 2026. Vi meiner at det i vedtaket ikkje er tilstrekkeleg godtgjort at tiltaket ikkje påverkar verneverdiane. Av omsyn til verneverdiane ber vi om at det vert teke avgjerd om at vedtaket ikkje kan setjast i verk før klagen er avgjort.

Vi viser til partsbrev motteke her den 25. mars 2026 og vår førespurnad om å få utsett klagefrist. Denne vart imøtekome i brev datert 15. april 2026, og Statsforvaltaren fekk utsett klagefrist til 24. april 2026.

Statsforvaltaren har klagerett på vedtak fatta av nasjonalparkstyre, jf. naturmangfaldlova § 62.»

.....

Klagegrunnar

Nasjonalparkstyret har vurdert at tiltaket ikkje er omfatta av det særlege høve til å gje dispensasjon til motorferdsel etter verneforskrifta § 3 punkt 6.3 bokstav i, fordi saka gjeld motorferdsel i samband med bygging av ein ny kraftstasjon. Unnataket for motorferdsel i samband med snømålingar, drift, vedlikehald og oppgradering/fornyng av eksisterande kraftanlegg kjem difor ikkje i bruk. Denne saka er difor vurdert og det er gjeve dispensasjon etter § 48 første ledd første alternativ, som opnar for unntak når tiltaket ikkje strid mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Statsforvaltaren meiner at det ikkje er tilstrekkeleg godtgjort i vedtaket at tiltaket ikkje påverkar verneverdiane meir enn nemneverdig. Dette fordi bruk av helikopter i det området det er søkt om vil kunne forstyrre villreinen i ein sårbar periode, og i tillegg vil ein kjent hekkelokalitet for kongeørn bli uroa i hekkeperioden.

Landingsområda ligg i nærleiken av trekkområde for villrein (utvekslingsområde mellom Breheimen og Vest-Jotunheimen), og det er oppgitt at trekket sørvestover på våren kanskje er den mest sårbare perioden for villrein. Vi meiner at helikopterbruken det er søkt om, utgjer ei risiko for å forstyrre villreinen, og at det ikkje er tilstrekkeleg å gje dispensasjon

på vilkår om varslingsrutinar og stans av helikoptertransporten ved observasjonar av villrein. Det kjem også frem i vurderinga Nasjonalparkstyret sitt vedtak at tiltaket er omfattande og kan føre til at villreinen skyr områda. Vi legg i vurderinga stor vekt på at villreinen er lista som nær trua i de norske rødlista for artar, og i tillegg er ein ansvarsart som Noreg er særskilt forplikta til å ta vare på. Dette gjer det vesentleg at villreinen vert beskytta i nasjonalparken, der ein del av føremålet nettopp er å verne om leveområdet til den lokale villreinstammen. Det går frem av uttale frå villreinnemnda at bukkane startar trekket frå vinterbeiteområda og mot sommarbeiteområda i sørvest (trekk frå Skjåk og inn i Luster) i slutten av mars, og at det er viktig å ta omsyn til villrein i denne perioden. Dette er samstundes med tidsperioden det er gitt løyve til bruk av helikopter. Som følgje av dette er det Statsforvaltarens vurdering at tiltaket kan påverke villreinstammen i området meir en nemneverdig.

Vi legg også til at helikoptertransporten til området ved Fossabakkane skjer innanfor ein kjent hekkelokalitet for kongeørn, og at den planlagde motorferdsla sannsynlegvis vil øydelegge hekkinga for sesongen. Då dyrelivet i nasjonalparken er verna, utgjer også forstyrninga av hekkelokaliteten en påverknad på verneverdiane i nasjonalparken. Sjølv om kongeørn er rekna for å vere livskraftig i Noreg, meier vi likevel at sannsynet for at hekkinga vert oppgitt ikkje er ein uvesentleg påverknad av verneverdiane i området. Vi gjer merksam på at det er satt vilkår om at flyging ved Fossabakkene av omsyn til rovfuglen bør skje i nordleg halvdel, utan at det går frem om dette kan føre til auka uro for trekkveiene til villreinen.

Samla sett meiner vi at motorferdselen det er søkt om i denne saka kan påverke verneverdiane i nasjonalparken meir enn nemneverdig. Vilkåret i naturmangfaldlova § 48 om at tiltaket ikkje «kan påvirke verneverdiene nevneverdig» er såleis ikkje oppfylt, og det er dermed ikkje høve til å gje dispensasjon til slik bruk av helikopter som det er søkt om.

Konklusjon

Statsforvaltaren meiner at vilkåret for å kunne gje dispensasjon etter § 48 første ledd første alternativ, at tiltaket ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, ikkje er oppfylt i saka. Vi påklagar difor dispensasjonen frå Breheimen nasjonalparkstyre i delegert sak 2026/3304 datert 25. mars 2026 om bruk av helikopter i samband med kartlegging av skredfare for anleggsveg mellom Øyane og Fivlemyrane i perioden 25. mars - 1. juni 2026 til Miljødirektoratet.

Av omsyn til verneverdiane ber vi om at det vert teke avgjerd om at vedtaket ikkje kan setjast i verk før klagen er avgjort, jf. forvaltningslova § 43»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høgjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon

og landskap, og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrta oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Naturmangfaldslova

Omsynet til verneverdiane i området skal vurderast og er vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1 (formål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

«§ 33.(mål for områdevern)

Verneområder på land, i vassdrag og i sjø etter dette kapittel skal bidra til bevaring av

- a. variasjonsbredden av naturtyper og landskap,*
- b. arter og genetisk mangfold,*
- c. truet natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte arter,*
- d. større intakte økosystemer, også slik at de kan være tilgjengelige for enkelt friluftsliv,*
- e. områder med særskilte naturhistoriske verdier,*
- f. natur preget av menneskers bruk gjennom tidene (kulturlandskap) eller som også har kulturhistoriske verdier, og tilrettelegging for bruk som bidrar til å opprettholde naturverdiene,*
- g. økologiske og landskapsmessige sammenhenger nasjonalt og internasjonalt, eller*
- h. referanseområder for å følge utviklingen i naturen.*

Når det etter en annen lov treffes vedtak om å beskytte naturen i et område, bør det legges vekt på målene i første ledd. Inngår slike vedtak etter annen lov i en plan som omfatter områder beskyttet ved vedtak etter denne loven, kan Kongen gi regler for å sikre at beskyttelsen etter de forskjellige lovene samordnes i forhold til målet med planen.»

«§ 48.(dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Klage

§§ 28-34 i forvaltningslova gjev heimelsgrunnlaget for behandling av klager på enkeltvedtak. Ei klage skal alltid sendast det forvaltningsorganet som har fatta vedtaket. I tråd med forvaltningslova § 33 skal underinstansen forberede klagen.

Nasjonalparkstyret skal derfor forberede klaga og kan endre eller oppheve vedtaket som er påklaga dersom dei finn klaga grunngeve. Dersom vilkåra for å behandle klaga ikkje føreligg skal underinstansen avvise saken (jf. forvaltningslova § 33, andre ledd). Blir vedtaket det klages på oppretthalde sendes klaga over til Miljødirektoratet som er klageinstans (jf. forvaltningslova § 33, fjerde ledd).

Vurdering

I forvaltningslova § 29 går det fram at klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er kome fram til vedkommande part, eller frå det tidspunkt han har fått eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Delegert vedtaket om motorferdsel for å vurdere snøskredfare for anleggsveg gjeve til Hydro Energi AS 25.03.26. Statsforvaltaren bad 14.03.26 om utsett klagefrist til den 30 april. Bakgrunnen for utsett klagefrist var:

«Statsforvaltaren i Vestland mottok delegert vedtak den 25. mars 2026, om helikopterflyging i samband med kartlegging av snøskredfare ved Øyaskredene og Fossabakkane frå Breheimen nasjonalparkstyre. (jfr. Dykkar ref. 2026/3304-2 432.3)

Grunna fridagar i påskehøgtida og sjukemelding her hos oss, ber vi om ei utsetting på fristen for å vurdere om vi skal klage på vedtaket. Vi ber om minst ei uke utsett frist, og gjerne fram til den 30. april 2026.»

Nasjonalparkforvaltar svarde 15.03.26:

«Statsforvaltaren har klagerett på vedtak fatta av nasjonalparkstyre, jf. naturmangfaldlova § 62, og basert på at spørsmål om utsett klagefrist er innkome før utløpet av klagefristen, gjev ein Statsforvaltaren i Vestland med dette utsett klagefristen med ei veke frå opprinnleg utløpt klagefrist. Statsforvaltaren i Vestland får med dette utsett klagefrist til 24 april 2026 jf. Forvaltningslova § 29 fjerde ledd.»

Statsforvaltaren i Vestland sende over klaga 24.04.2026, og var dermed innanfor fristen som var gjeve. Klaga vert dermed teke opp til vurdering i denne sak. I klaga vart det bedt om oppsetjande verknad på vedtaket då motorferdsel med helikopter er ein irrsibel påverknad. Nasjonalparkforvaltar imøtekom oppmodinga og gav Hydro Energi vedtak med oppsetjande verknad 28.04.2026.

Moment i klaga frå Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltaren er av den oppfatning at vedtaket ikkje er tilstrekkeleg godtgjort at tiltaket ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig. Dette fordi bruk av helikopter i det området det er søkt om vil kunne forstyrre villrein i ein sårbar periode, og i tillegg vil ein kjent hekkelokalitet for kongeørn bli uroa i hekkeperioden.

Kravet i naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ om at tiltaket ikkje skal påverke verneverdiane nemneverdig inneberer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare gjevast tillating i dei tilfella tiltaket vil ha ubetydeleg eller avgrensa verknad for verneverdiane. Det kan vera midlertidig eller forbigåande uroing, eller einskilde aktivitetar eller tiltak. Omsynet til verneverdiane skal vera overodna t.d. næringsinteresser, og ved usikkerheit om verknadane bør føre-var-omsynet tilleggas stor vekt i vurderinga.

Villreinen i Reinheimen–Breheimen villreinområde er ein del av den sørnorske villreinstamma og lever i høg fjellsområda mellom anna i Lom, Skjåk og Luster innanfor verneområda til Breheimen nasjonalparkstyre. Å ta vare på leveområdet til villreinstamma i Reinheimen-Breheimen villreinområde er ein del av verneformålet og nasjonalparkstyret har eit utvida mandat i forhold til andre artar som går innunder den generelle dyrelivsfredningen i verneforskrifta.

Det området som motorferdsle er søkt om ligg innanfor det som er definert som barmarksbeite (sommars- og haustbeite) og heilårsbeite (areal som er brukt som både barmarksbeite og vinterbeite). Områda er i ytterkant av villreinområde og det har ikkje førekomme observasjonar av villrein i områda i nyare tid. Det nærmaste registrerte observasjonane av villrein i artsobservasjonar er ved Middalsnosi, Vetledalsnosi og Illvatnet, dei fleste av desse er registrert på hausten, medan ein observasjon ved Vetledalsnosi er registrert 13 juni. Nasjonalparkforvaltar var både i muntleg dialog med fjelloppsynet i Luster austre fjellstyre og lokalt statens naturoppsyn i forkant av behandlinga for å innhente opplysningar om det var observert villrein og kongeørn i området i forkant av behandlinga. Sjølv om tilbakemeldingane var negative og det ikkje er registrert observasjonar betyr det ikkje at villrein og kongeørn kan opphalda seg i området på det omsøkte tidspunktet.

Nasjonalparkstyret har tidlegare sendt høyringsinnspel til Noregs vassdrag og energidirektorat om redsla for påverknad på villrein i samband med utbygginga av Illvatn kraftstasjon. I desse prosessane har det kome fram at tiltak for å korte ned anleggstida ved Illvatn er ynskjeleg. Illvatn ligg i indre delar av villreinområdet og det er sporadiske observasjonar av dyr i området. Når ein påverkar ei trekkrute for villrein i den grad som ein gjer med utbygginga av Illvatn kraftstasjon så vert dei andre nærliggande trekkrutene endå viktigare, og dette gjer seg også gjeldande for funksjonsområdet mellom Reinheimen-Breheimen og Vest-Jotunheimen.

Villreinens trekkrute mellom Reinheimen-Breheimen villreinområde og Vest-Jotunheimen villreinområde er på austsida av Fortunsdalen, medan det område som det var søkt om motorferdsle til i år er vest for Fortunsdalen. Det er i overkant 3,5 km frå teikna linja frå trekkruta og til landingsområde for snøskredvurderinga vest for Fortunsdalen. Passasjen i mellom vert brukt jamleg ved helikoptertransport mellom Fortun og Fivlemyr ved tilsyn og vedlikehald av kraftinstallasjonar året rundt når bilvegen til Fivlemyr ikkje er open. Alternativet til transport av personell er med helikopter langs traseen og vil påverke trekkruta mellom Reinheimen-Breheimen villreinområde og Vest-Jotunheimen villreinområde meir då det vil vera nærare og fleire turar, enn i den gjevne dispensasjon, gitt at det vil føre til at anleggsvegen kan opnast.

ligg i området Sognefjellet- Vetledalen-Middalen-Ilrvatn-Krossbakkane-Greindalen-Sprongdalen-Hanspiki. Det er også i dette området som det har blitt observert villrein i seinare tid, og ikkje så langt sør -sørvest som omsøkt område ligg. Motorferdsle i Fossabakkane kan påverke trekkruta for villrein dersom villrein er i området ved Fivlemyr, men aktiviteten rundt utbygginga av kraftstasjon ved Fivlemyr og Ilrvatn tilseier at den vil påverke denne trekkruta i så stor grad at det mest truleg ikkje vil førekome trekk av villrein i anleggsperioden.

Tillatinga er basert på kjend kunnskap om villrein og tillatinga er avgrensa i omfang, tid og rom for å kunne påverke villrein i minst mogleg grad, og er av nasjonalparkforvaltars oppfatning at motorferdsle ikkje er nemneverdig påverknad på verneverdiane med dei vilkåra som er gjeve.

Det omsøkte omfanget av motorferdsle kan samanliknast med andre søknadar i Breheimen nasjonalpark og er ikkje eineståande. Omfanget er relativt stor, men kan samanliknast med andre transportar med helikopter. Det ein derimot ser er at tidsrommet for motorferdsle er i ei sårbar periode for alt levande, og ein er då inne i ei periode som ein prøver å skjerme mest mogleg. Basert på føremålet med motorferdsle er der ikkje mogleg å gjennomføra motorferdsle på anna tidspunkt enn det omsøkt. At nokre individ vandrar i delar av villreinområde førekjem, men kan ikkje vera avgjerande for at motorferdsle i heile villreinområde ikkje kan gjennomførast.

Området Fossabakkane ligg akkurat innanfor hekkelokalitet for kongeørn. Det kjem fram av verneforskrifta § 3 pkt. 3.1. at det er en generell dyrelivsfredning i nasjonalparken. Kongeørn er dermed vernet på same måte som alt annet dyreliv i nasjonalparken og er som utgangspunkt totalfreda, med nokre unntak (jakt, fiske og fangst og skadefelling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk). Kongeørn er i dag kategorisert som livskraftig bestand og bestanden er ikkje trua på nasjonalt nivå.

Høitomt vurderte sårbarheita for hekkelokaliteten ut frå at all transport ved utbygging skal førekoma med helikopter i 2025. Høitomt har ikkje fått denne saka til uttale. Mengda motorferdsle er mindre enn den som var omsøkt i 2025 og som Kistefors gav uttale i.

Nasjonalparkforvaltar er av den oppfatning at ved å minimera påverknaden innanfor hekkelokalitet ved minimal uro i nordleg del og dermed få anleggstrafikken frå helikopter i luft ned til køyretøy på anleggsveg vil bidra positivt for hekkelokaliteten som heilheit. Ein har sett vilkår om innflyging og landing som skal prøva å omsynta lokaliteten ved gjevne vilkår. Det er eit mindre område av hekkelokaliteten for kongeørn som vert påverka av tillatinga som er gjeven, og etter nøyare ettersyn så kan ein fjerne området som ligg innanfor hekkelokaliteten som tillatinga har innanfor influensområdet til hekkelokaliteten for kongeørn i dette området.

Når det gjeld at ein ikkje har vurdert påverknad på villrein i innflyging til Fossabakkane så er det forvaltars oppfatning at området ved Fivlemyr er uroleg med bakgrunn i den aktiviteten som er på riggområdet i forbindelse med forarbeida med Ilrvatn kraftstasjon. Trekkruta forbi Fivlemyr har ikkje blitt nytta av villrein i nyare tid og ein må rekne med at denne ikkje vert nytta så lenge arbeidet med utbygginga førgår. Villrein vil dermed alt sky området og om ein då gjennomføre ei innflyging frå nord så vil det ikkje påverke villrein i dette området nemneverdig, men betre forholda for ei eventuell hekking for kongeørna.

Innflyging frå sør-sørvest til Fossabakkane kan ein vurdera for å legge til rette for så lita påverknad på hekkelokaliteten for kongeørn som mogleg, men då vil ein fly inn i og over eit større område av nasjonalparken, og villreinområde. Basert på kor mykje aktivitet det er lagt opp til ved Fivlemyr og i dalføret i Fortunsdalen så er det nasjonalparkforvaltars oppfatning at det er betre å samle uroinga til dei allereie hardt påverka områda.

Villrein er ein sky art og motorferdsla er stor i Breheimen sin målestokk, det vil likevel ikkje seie at nasjonalparkstyret ikkje legg stor vekt på å ta vare på leveområde for villrein, snarare tvert i mot då det er av nasjonalparkstyrets interesse å få gjennomført påverknaden på indre delar av villreinområde med intakte trekkvegar for villrein så hurtig som mogleg for å dempe påverknaden frå utsida av nasjonalparken og inn på verneverdiane innanfor nasjonalparkgrensa.



Arkivsaksnummer: 2026/6951-1

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 15.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyret	19/26	19.06.2026

Breheimen nasjonalpark - Retningslinjer for bruk av kommersielt merke - 2026 til 2030

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret vedtek å innføre ordninga med tilhøyrarlogo for Breheimen nasjonalpark til kommersiell bruk. All bruk skal skje i samsvar med retningslinjer for merkevaren *Norges nasjonalparker*. Nasjonalparkstyret vedtek fylgjande tilleggskriteria for tildeling av merket for Breheimen nasjonalpark:

- Tildeling av tilhøyrlogo blir gjort av nasjonalparkstyret, etter skriftleg søknad.
- Tildelinga gjeld for inntil fire år om gongen, og kan enkelt forlengast dersom bedrifta framleis har aktivitet som fyller alle sentrale og lokale vilkår.
- Merket kan berre tildelast aktørar med forretningsadresse i ein av kommunane med areal i nasjonalparken.
- Aktørar som får tildelt merket pliktar å halde seg orientert om relevante spørsmål som gjeld nasjonalparken, og delta på orienteringsmøte, vertskapskurs eller liknande som blir arrangert i regi eller på vegne av nasjonalparkforvaltninga eller nasjonalparkkommunane.
- Produktet/tenesta skal vere naturvennleg og skal kjenneteiknast av kvalitet, gode råvarer og godt handverk.
- Merket kan omfatte produkt som opplevingar, aktivitetar, overnatting og servering, forbruksvarer som mat og drikke, eller lokalt produserte produkt som kan knytast til verneområdet.
- Produkt som blir teken ut av nasjonalparken:
 - logo på fornybare produkter som er tillatt å høste i nasjonalparken (bær, urter, sopp osv) kan benyttet nasjonalparkens logo etter å ha fått godkjent søknad.
 - Logo på produkt av steinar, rekved, fallgevir, lav osv. som reknast som lite fornybart er ikkje tillate.
- Retningslinjer for tildeling av merket gjeld i første omgang til 31.12.2030. Ordninga med tilhøyrande rutinar og retningslinjer skal evaluerast kvar styreperiode før eventuell vidareføring.
- Dersom ein ser behov for justeringar også før denne datoen, kan retningslinjene reviderast dersom uklare punkt skulle dukke opp når ein startar å bruke ordninga.
- All bruk av den kommersielle merkevara for Breheimen nasjonalpark føreset at verksemda planlegg og gjennomfører aktivitetane sine slik at leve- og trekkområda til villrein ikkje vert forstyrta, og at aktiviteten har eit lågt økologisk fotavtrykk i tråd med oppdatert kunnskap og gjeldande forvaltningspraksis.
- Styret legg elles vedlagte nasjonale retningslinjer til grunn for søknad og tildeling. Nasjonalparkstyret har delegert myndigheit til mellombels godkjenning av nasjonalparkprodukt til forvaltar. Styret vil bli orientert om delegerte vedtak fortløpande.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Designmanual Norges nasjonalparker
- Besøksstrategi for Breheimen nasjonalpark

Saksopplysningar

Miljødirektoratet sin *Designmanual for Norges nasjonalparker* opnar for kommersiell bruk av nasjonalparklogoen i visse samanhengar:

«Det er lagt til rette for at virksomheter med geografisk tilhørighet til en nasjonalpark (og i enkelte tilfeller andre verneområder) kan søke om tillatelse til å benytte et spesiallaget merke for denne merkevaren sammen med logo for egen virksomhet i markedsføringen av et produkt, tjeneste eller aktivitet. Det er laget egne merker for formålet (kommersielt merke) og det er nasjonalparkstyret (eller annen forvaltningsmyndighet) for den aktuelle nasjonalparken eller verneområdet som behandler søknaden og gir tillatelser. Styret eller forvaltningsmyndighet skal ha godkjent besøksstrategi for området.»

Designmanualen definerer rammene for korleis merket skal kunne brukast:

Hvem kan bruke det kommersielle merket?

En kommersiell, frivillig eller annen type virksomhet som foregår i, eller ved en nasjonalpark. Hvis produktet som tilbys kommer fra en nasjonalpark, eller det arrangeres en aktivitet i eller ved en nasjonalpark, så er det mulig å søke om tillatelse til å bruke varemerket.

Hva står merket for?

Det kommersielle merket er utviklet for å gi en mulighet til å markedsføre en bedrift, aktivitet eller produkt i relasjon til Norges nasjonalparker, og sier noe om geografisk tilhørighet til en nasjonalpark eller et verneområde. Merket er ikke et kvalitetsstempel, og representerer ikke en godkjenning, noen form for finansiering eller annen støtte fra nasjonalparken eller forvaltningsmyndigheten. I seg selv ligger det en kvalitet i å ligge i nærheten av en nasjonalpark eller verneområde, det er dette vi ønsker at de lokale bedriftene skal kunne nyte godt av.

Hvordan kan merket brukes?

Du kan eksempelvis bruke merket som klistremerker i butikkvinduer, i program eller brosjyrer, på nettsteder, i e-post og på plakater. Det er ikke tillatt å bruke det kommersielle merket på reklamemateriell eller varer uten følge av virksomhetens egen logo, som f. eks. på brevhode eller på emballasjen for et produkt. Det må alltid gå klart frem hvem virksomheten bak produktet eller tjenesten er, at dette ikke er et nasjonalparkprodukt eller -tjeneste, og at det ikke er et nasjonalparkgodkjent produkt eller tjeneste.

Hva er kriteriene for bruk?




- *Det kommersielle merket må ikke brukes på en måte som kan skade Norges nasjonalparkeres omdømme, eller på en måte som strider mot nasjonalparkens- eller verneområdets retningslinjer eller formål.*
- *Det er ikke tillatt å bruke merket på reklamemateriell eller varer uten følge av virksomhetens egen logo, som f. eks. på brevhode eller på emballasjen for et produkt. Det må alltid gå klart frem hvem virksomheten bak produktet eller tjenesten er, at dette ikke er et nasjonalparkgodkjent produkt eller tjeneste.*
- *Merket skal ikke endres i form, beskjæres eller tillegges design eller egen tekst. Det er retningslinjer som beskriver riktig bruk.*
- *Merket kan ikke selges videre eller distribueres til tredjepart.*
- *Ved misbruk av det kommersielle merket kan tillatelsen til bruk trekkes tilbake.*

Hvorfor må det foreligge en signert avtale?

- *Logoen for Norges nasjonalparker er en verdifull ressurs, og et beskyttet varemerke, dette gjelder også det kommersielle merket.*

- Det er viktig å håndheve riktig bruk til fordel for alle som ønsker å knytte sin virksomhet til Norges nasjonalparker, og misbruk kan ødelegge verdien for alle som benytter merket. Vi ber derfor om at det signeres en forpliktende avtale.
- Gjennom avtalen anerkjenner du kriteriene for bruk og binder deg til å bruke merket respektfullt, hensiktsmessig og etter retningslinjene.
- Bare de som har søkt om og fått tillatelse til å bruke merket, kan gjøre det.

Designmanuale illustrerer dei ulike typane merke det kan søkjast om:

<p>Kategori opprinnelse Kommer fra/ Origins from</p>	<p>KOMMER FRA:</p>	
	<p>ORIGINS FROM:</p>	<p>Jostedalsbreen nasjonalpark</p>
<p>Kategori aktivitet Skjer i/Happening in</p>	<p>SKJER I:</p>	
	<p>HAPPENING IN:</p>	<p>Jostedalsbreen nasjonalpark</p>
<p>Kategori lokalisering Ved/Located in</p>	<p>VED:</p>	
	<p>BY THE:</p>	<p>Jostedalsbreen nasjonalpark</p>

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Breheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Breheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 19.01.2024.

Verneformål – forskrift

Forvaltningsplan

3.6 REISELIV

Reiselivet kring Breheimen har lange tradisjonar, men hovudmengda av turistar er likevel meir fokuserte på naboområda Jotunheimen og Jostedalsbreen. Regionen tek imot mange besøkjande særleg i sommarsesongen og i påska. Ein stor del av dei besøkjande kjem frå utlandet. Området har gode vegsamband og kan by på nærleik til fjellet og fleire verneområde, mellom anna dei nemnde nasjonalparkane Jostedalsbreen og Jotunheimen, i tillegg ligg Reinheimen nasjonalpark i nordaust og Geiranger-Herdalen landskapsvernområde i nordvest. Regionen har eit godt tilbod av hotell, restaurantar, fjellstover/pensjonat, campingmoglegheiter, utleigehytter, og eit stort tal fritidshytter. Denne infrastrukturen er også viktig for Breheimen.

Reiselivsverksemda i verneområda er i hovudsak basert på turtilhøva både sommar og vinter, med mest ferdsel frå mars til oktober. Det er ikkje betente overnattingsverksemdar innanfor vernegrensene, men fleire like utanfor: Sota sæter (DNT), Nørdstedalseter (DNT), Sognefjellshytta, Krossbu turiststasjon og Jotunheimen fjellstue er dei som ligg nærast vernegrensa. I dalane kring Breheimen ligg fleire overnattingsverksemdar både i Lom, Luster og Skjåk. Gjestene på desse verksemdene nyttar seg av Breheimen både gjennom organiserte aktivitetar og ved å ferdest på eiga hand.

Turoperatørar omkring verneområda tilbyr blant anna ulike typar guida fotturar, skiturar og rideturar, og fleire av desse aktivitetane går føre seg innanfor vernegrensene.

Utviklinga i reiselivsnæringa tyder på at det vil bli ein auka etterspurnad etter organiserte turopplegg i åra som kjem. Verneområda i Breheimen kan tilby mange ulike opplevingar og viktige stikkord er jakt, fisketurar, toppturar (til fots og på ski) og kunnskapsbasert reiseliv (grottevandring, flora, fauna, geologi, kulturhistorie osv.).

Reiselivsverksemdar er velkomne i verneområda i Breheimen innanfor dei vernereglane som gjeld. Mange av dei retningslinene som er omtala under andre kapittel i forvaltingsplanen gjeld og for reiselivet, sjå spesielt retningslinene i kapittelet om friluftsliv. Det er viktig at auka bruk av verneområda i reiselivet ikkje skal føre til auka slitasje og auka motorferdsel.

Forvaltingsmål

Det er eit mål at verneområda, og særleg landskapsvernområda, skal kunne nyttast av reiselivet slik at fleire kan få oppleve dei store natur- og kulturverdiane som verneområda i Breheimen har å by på. Dette gjeld også med tanke på auka lokal verdiskaping. Det er eit politisk mål at den turistmessige bruken av fjellområda i Noreg skal auke. Dette kjem fram i St.prp. nr 65 (2002-2003) også kalla "Fjellteksten", der Stortinget handsama spørsmålet om berekraftig bruk av fjellområda og bruk, vern og verdiskaping. Der står det mellom anna at: "Regjeringen mener at det er potensiale for mer turistmessig bruk av våre verneområder, og vil åpne for økt miljøtilpasset turismevirksomhet som ikke kommer i konflikt med verneformålet i nasjonalparkene. Tilrettelegging skal skje på naturens premisser, men med forvaltningstiltak som samtidig åpner for flerbruk. Tiltak innenfor nasjonalparker og landskapsvernområder i forbindelse med turisme skal selvsagt vurderes på samme måte, enten tiltaket er av kommer siell eller ikke-kommersiell karakter. Det er tiltakets innvirkning i forhold til verneformålet som skal være avgjørende, ikke om tiltaket har næringsmessig betydning." Det er ei utfordring å få til ei utvikling av turismen utan at det går ut over verneverdiane. Ei utvikling mot meir miljøtilpassa reiseliv, som legg vekt på å avgrense negative effektar på naturen (eks. slitasje på vegetasjon og å uroa av dyreliv), vil vere positivt.

Retningslinjer for forvaltning og bruk

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

Aktiviteten skal bere preg av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Auka reiselivsaktivitet skal ikkje føre til auka slitasje og auka motorferdsel.

All ureining og forsøpling er forbode. Avfall skal takast med ut av området.

All ferdsel skal ta omsyn til husdyr og tamrein på beite.

Reiselivsaktørar som ønskjer å drive organisert ferdsel (definert i kap. 3.2) som kan skade naturmiljøet skal søkje

nasjonalparkstyret om løyve. Eventuelt løyve skal gje vilkår knytt til ivaretaking av verneføremålet.

For alle nye aktivitetar vil det vere aktuelt med ein periode med utprøving og påfølgjande evaluering, før ein kan gje løyve for fleire år.

For tiltak som gjeld bygningar gjeld retningslinene i kapittel 3.5. Etablering av nye reiselivsanlegg er ikkje tillate innanfor verneområda.

Tiltak

■ Breheimen nasjonalparkstyre vil jobbe for å få til eit godt samarbeid med reiselivsnæringa i områda rundt Breheimen med årleg møte med aktuelle partar. Dette vil vere viktig med tanke på forvaltninga av verneområda for å halde oversikt over kva for aktivitetar som går føre seg i verneområda, og for å

informere om kva slags rammer eit vern gjev. Ansvarleg: Breheimen nasjonalparkforvaltar/Nasjonalparkforvaltar.

■ Det bør utarbeidast ei «handbok for potensielle reiselivsaktørar» - brosjyre med informasjon om verneområda i Breheimen og retningsliner for reiselivsaktivitet i verneområda m.m., inkludert omsyn til reindrift og beitenæring.

Ansvarleg: Breheimen nasjonalparkstyre i samarbeid med reiselivet

Besøksstrategien

«Besøksstrategien skal:

- Bidra til å ivareta verneverdiane og auke forståinga for vernet.
- Bidra til gode opplevingar for dei besøkande
- Bidra til lokal verdiskaping.

Definisjonen på besøksforvaltning er å legge til rette og styre bruken i verneområda slik at opplevinga for dei besøkande og den lokale verdiskapinga vert størst mogleg, og forståinga for vernet aukar, samstundes som ein tek vare på verneverdiane.

Besøksstrategien er ein plan for korleis nasjonalparkstyret vil gjennomføre besøksforvaltning for verneområda i Breheimen. Besøksstrategien skal vise kva tiltak som er naudsynte for å balansere verneverdiar, besøkande og lokal verdiskaping i eit verneområde, slik at ein oppnår størst mogleg nytte for alle tre interesser.

Eit viktig prinsipp for besøksstrategien er at i dei tilfelle det er motstridande målsettingar mellom ivaretaking av verneverdiane, tilrettelegging for dei besøkande og lokal verdiskaping, skal ein legge størst vekt på å ta vare på verneverdiane.»

Presedens

Dette er fyrste gong nasjonalparkstyret for Breheimen behandlar bruken av kommersielt merke. Nasjonalparkforvaltninga har ikkje kjennskap til kor omfattande bruken kan verta, då ein ikkje har fullstendig oversikt over kva, kor mange og kvar aktørar beveg seg både innanfor og utanfor verneområdet. Basert på tilgrensande nasjonalparker som Reinheimen, Jotunheimen og Jostedalsbreen så vil ein anta at det ikkje blir veldig stor etterspurnad etter det kommersielle merket for Breheimen.

Vurdering

Det kommersielle merket er utvikla for at lokale aktørar kan få høve til å marknadsføre bedrift, aktivitet eller produkt i relasjon til ein eller fleire av Norges nasjonalparker, og det er krav om at verksemda skal ha geografisk tilknytning til ein nasjonalpark eller eit verneområde.

Spørsmålet geografisk tilknytning kan ha ulike tolkingar, men eit tydeleg definert krav kan vera at søkjaren er etablert med forretningsadresse i ein av kommunane med areal innan nasjonalparken. For aktivitetsbedrifter treng det ikkje vera krav at aktiviteten er lagt innanfor verneområda, da det ofte kan vera ein fordel at enkelte aktivitetar heller skjer i randsona.

Breheimen nasjonalpark kan som følgje av godkjent besøksstrategi innføre ordninga med kommersielle logoar for lokale aktørar. Det er nasjonalparkstyret som forvaltar ordninga og som bestemmer om denne skal innførast. Eit grunnleggjande vilkår er at dei sentrale retningslinene gitt i merkevara *Norges nasjonalparker* skal følgjast ved tildeling.

Det er opp til forvaltningsmyndigheita for det enkelte verneområde å utarbeide lokale retningsliner for forvaltning av merket. Det er viktig å sikre at produkt og tenester som marknadsfører seg med merket har ønskt kvalitet og ikkje forringar verdien av merkevara. Tildeling av merket bør derfor vera tidsavgrensa, slik at nasjonalparkstyret kan ta ny vurdering på om aktøren/produkta til kvar tid innfrir dei gjeldande krava til merket. Det blir vist til at dei sentrale retningslinene har ei kopling mot Innovasjon Norge sine 10 prinsipp om bærekraftig reiseliv, og desse gjev ei god tolking av kva krav det er naturleg å stille ved vurdering av dei enkelte søknadene.

For meir informasjon om ordninga, sjå designmanualen for Norges nasjonalparker her:

<https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/kommersielt-merke/retningslinjer>

- Vedlegg:
- Retningslinjer
 - Miljødirektoratets standard søknadsskjema

Tilleggsriteria for tildeling av merket for Breheimen nasjonalpark, vedteke 19.06.2026:

- Tildeling av tilhøyrlogo blir gjort av nasjonalparkstyret, etter skriftleg søknad.
- Tildelinga gjeld for inntil fire år om gongen, og kan enkelt forlengast dersom bedrifta framleis har aktivitet som fyller alle sentrale og lokale vilkår.
- Merket kan berre tildelast aktørar med forretningsadresse i ein av kommunane med areal i nasjonalparken.
- Aktørar som får tildelt merket pliktar å halde seg orientert om relevante spørsmål som gjeld nasjonalparken, og delta på orienteringsmøte, vertskapskurs eller liknande som blir arrangert i regi eller på vegne av nasjonalparkforvaltninga eller nasjonalparkkommunane.
- Produktet/tenesta skal vere naturvennleg og skal kjenneteiknast av kvalitet, gode råvarer og godt handverk.
- Merket kan omfatte produkt som opplevingar, aktivitetar, overnatting og servering, forbruksvarer som mat og drikke, eller lokalt produserte produkt som kan knytast til verneområdet.
- Produkt som blir teken ut av nasjonalparken:
 - logo på fornybare produkter som er tillatt å høste i nasjonalparken (bær, urter, sopp osv.) kan benyttet nasjonalparkens logo etter å ha fått godkjent søknad.
 - Logo på produkt av steinar, rekved, fallgevir, lav osv. som reknast som lite fornybart er ikkje tillate.
- Retningsliner for tildeling av merket gjeld i første omgang til 31.12.2030. Ordninga med tilhøyrande rutinar og retningsliner skal evaluerast kvar styreperiode før eventuell vidareføring.
- Dersom ein ser behov for justeringar også før denne datoen, kan retningslinene reviderast dersom uklare punkt skulle dukke opp når ein startar å bruke ordninga.
- All bruk av den kommersielle merkevara for Breheimen nasjonalpark føreset at verksemda planlegg og gjennomfører aktivitetane sine slik at leve- og trekkområda til villrein ikkje vert forstyrra, og at aktiviteten har eit lågt økologisk fotavtrykk i tråd med oppdatert kunnskap og gjeldande forvaltningspraksis.
- Styret legg elles vedlagte nasjonale retningsliner til grunn for søknad og tildeling. Nasjonalparkstyret har delegert myndigheit til mellombels godkjenning av nasjonalparkprodukt til forvaltar. Styret vil bli orientert om delegerte vedtak fortløpande.



Søkjaren må oppfylle eitt av kriteria nedanfor for å vere kvalifisert til å søkje.

Søkjaren er ei bedrift, ein organisasjon, ei gruppe eller ein person

som er basert i eller ved ein nasjonalpark, som tilbyr ei teneste som skjer i ein nasjonalpark eller eit verneområde, eller som tilbyr eit produkt som kjem frå ein nasjonalpark eller eit verneområde

som arrangerer ein tidsavgrensa aktivitet i eller ved ein nasjonalpark eller eit verneområde

Kryss ut riktig boks og fyll deretter ut og returner skjemaet. Hugs signatur!

Om verksemda

Namn på bedrift, organisasjon, gruppe eller person	
Verksemdskategori (Set ein sirkel rundt valet ditt.)	Person Bedrift Organisasjon Anna
Organisasjonsnummer	
Filial (dersom relevant)	
Verksemdsadresse:	
Type verksemd:	
Nettside:	

Om søkeren (deg/dykk)

Namnet på søkeren	
Tittel eller rolle	
Postadresse: (dersom ulik frå verksemdsadresse)	
Postkode:	
Telefonnummer:	
E-postadresse:	

Kva logo(ar) søker du om å bruke?

Kjem frå Skjer i Ved

Språk:

bokmål nynorsk engelsk nordsamisk sørsamisk anna

(spesifiser)

Beskriv i tekst korleis du har tenkt å bruke logoen/logoane:

Ved å fullføre søknaden og inngå avtale for å bruke ein eller fleire av dei kommersielle logoane forstår og forpliktar eg/vi meg/oss til å overhalde dei følgjande vilkåra:

Om kommersielle logoar

- Logoane representerer berre ei geografisk tilhøyrse til ein nasjonalpark.
- Logoane er ikkje eit kvalitetsmerke.
- Logoane representerer ikkje ei godkjenning eller inneber finansiering eller anna støtte frå forvaltningsmyndigheita.

Kven kan bruke logoane?

- Logoane kan brukast av ei verksemd eller ein organisasjon som opererer eller ligg i eller ved ein nasjonalpark, som tilbyr ei teneste som skjer i nasjonalparken, eller som tilbyr eit produkt som kjem frå nasjonalparken/verneområdet.
- Ei verksemd, ein organisasjon, ei gruppe eller ein person som arrangerer ein tidsavgrensa aktivitet i eller ved ein nasjonalpark, kan bruke logoane.
- Logoane er varemerkebeskytta og har rettsvern.
- Dei kommersielle logoane må ikkje brukast på ein måte som kan skade omdømmet til Noregs nasjonalparkar, eller på ein måte som strir mot retningslinjene eller formåla til nasjonalparkane.
- Det er ikkje tillate å bruke dei kommersielle logoane på reklamemateriell eller varer utan følgje av verksemda sin eigen logo, for eksempel på brevark eller på emballasjen for eit produkt. Det må alltid gå klart fram kven verksemda bak produktet eller tenesta er, at dette ikkje er eit nasjonalparkprodukt eller ei nasjonalparkteneste, og at det ikkje er eit nasjonalparkgodkjent produkt eller teneste.
- Logoane skal ikkje endrast i form, klippast eller tilleggast design eller eigen tekst.
- Logoane kan ikkje seljast vidare eller distribuerast til ein tredjepart.
- Ved misbruk av dei kommersielle logoane kan løyvet til bruk trekkjast tilbake.

Namnet på verksemda:

.....

Signatur: Namn med blokkbokstavar:

.....

Stad, dato:

Nasjonalpark	Breheimen
Naturreservat	Høyrokampen
Landskapsvernområde	Strynefjellet, Mysubytta, Høydalen, Mørkridsdalen, Vigdalen

Namn på styre/forvaltningseining:

.....

Signatur: Namn med blokkbokstavar:

.....

Tittel: Stad, dato:

.....



Arkivsaksnummer: 2026/7034-2

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 15.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	20/26	19.06.2026

Breheimen nasjonalpark - søknad om å bruke det kommersielle merket - 2026 -2030 - Elvepurka

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Breheimen vurderer det slik at Elvepurka AS ved Andrew Cullens og Anna Zäll oppfyller krava for å nytte det kommersielle nasjonalparkmerket «lokalisert ved» og «Skjer i» Breheimen nasjonalpark, i tråd med sentrale føringar fastsette i retningslinjene for Norges nasjonalparker. Grunngevinga er følgjande:

- Søknaden ligg føre på standard søknadsskjema, der søkjar med underskrift stadfestar at dei vil rette seg etter dei sentrale krava som gjeld for bruk av tilhørslelogo for Norges nasjonalparker.
- Aktivitetsverksemda er lokaliserte i umiddelbar nærleik til Breheimen nasjonalpark i Luster kommune.

Løyvet til å nytte kommersielt merke for Breheimen nasjonalpark, som tilhørslelogo for verksemda, vert gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i ein periode på fire år, til og med 31.12.2030. Det er mogleg å søkje om forlenging.
- Løyvet omfattar følgjande type logo, på nynorsk og engelsk:
 - «Lokalisert ved» Breheimen nasjonalpark
 - «Skjer i» Breheimen nasjonalpark
- Logoen kan nyttast slik det går fram av retningslinjene presiserte i søknadsskjemaet og avtale teksten kor dei lokale retningslinjene for Breheimen vert presisert.
- Løyvet er knytt til Elvepurka AS ved Andrew Cullens og Anna Zäll og aktivitetar i regi av dei. Det kommersielle merket må, i samsvar med retningslinjene, nyttast saman med logoen til verksemda i marknadsføring av produkt, tenester eller aktivitetar.
- Ved misbruk av det kommersielle merket kan løyvet til bruk trekkjast tilbake. I slike tilfelle skal innehavar av merket varslast og få frist til retting før løyvet eventuelt vert trekt tilbake.

- Ut over dette kan løyvet trekkjast tilbake dersom det vert drive aktivitet i strid med verneføremåla for verneområda, eller som på annan måte bryt med nasjonale berekraftmål.

--- slutt på innstilling ---


Dokumenter i saken

Vedlegg:

- 1 Søknad – Breheimen – Bruk av det kommersielle merket – Elvepurka, datert 05.03.2026.

Saksopplysninger

Elvepurka AS ved Andrew Cullens og Anna Zäll søker om løyve til å nytte tilhørslelogo i form av det kommersielle nasjonalparkmerket «lokalisert ved» og «Skjer i» Breheimen nasjonalpark (nynorsk og engelsk), til bruk i samband med verksemda. Under følgjer døme på denne typen logo.



Elvepurka AS ved Andrew Cullens og Anna Zäll har sendt inn søknad om løyve til bruk av kommersiell logo på standard søknadsskjema i samsvar med merkevareordninga.

På søknadsskjemaet er det kryssa av for:

- Ligg i eller ved ein nasjonalpark eller verneområde

Verksemda søker om bruk av logoen «Lokalisert ved» og «Skjer i» Breheimen nasjonalpark, primært på nynorsk og engelsk. Dei skriv at dei vil bruke merka følgjande:

«Skjer i:

på icetroll.com-sida som har tilknytning (& linker) til Jostedalsskogen og Breheimen nasjonalparkar

og på nettsida sin 'footer'.

på [icetroll](http://icetroll.no) si brosjyre

på [icetroll](http://icetroll.no) t-skjorter og etikettar (saman med logoen vår)

Ved:

på fysiske skilt rundt kundane sin møteplass, på same stad som våre egne logoar på Icetroll si nettside under 'kontakt oss', ved møteplassen vår»

Søknaden er basert på at:

- Aktiviteten er lokalisert ved og skjer i ein nasjonalpark eller eit verneområde

Søklar opplyser at det er ønskeleg å nytte det kommersielle merket når dei er ved Styggevatnet.

Kommersiell logo - Retningslinjer

Les mer på: <https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/kommersielt-merke/retningslinjer>

Det er lagt til rette for at verksemder med geografisk tilknytning til ein nasjonalpark kan søkje om løyve til å nytte eit spesialutforma merke knytt til merkevara, saman med eigen logo. Nasjonalparkstyret gjev eventuelt løyve. Det er ein føresetnad at det finst ein godkjend besøksstrategi.

I søknaden/avtalen går det fram at dei kommersielle logoane:

- berre representerer ei geografisk tilknytning til ein nasjonalpark
- ikkje er eit kvalitetsmerke
- ikkje representerer godkjenning, finansiering eller anna støtte frå forvaltningsstyresmakta

Kven kan bruke logoane?

- Verksemder eller organisasjonar som opererer i eller ved ein nasjonalpark, og som tilbyr tenester i nasjonalparken eller produkt frå området
- Aktørar som arrangerer tidsavgrensa aktivitetar i eller ved ein nasjonalpark

Andre sentrale punkt:

- Logoane er varemerkebeskytta
- Dei må ikkje brukast på ein måte som skader omdømet til nasjonalparkane
- Dei må brukast saman med eigen verksemdslogo
- Det skal vere tydeleg kven avsendar er
- Logoane kan ikkje endrast, seljast vidare eller distribuerast
- Misbruk kan føre til at løyvet vert trekt tilbake
- Nasjonalparkstyret kan fastsetje tilleggsvilkår etter lokale tilhøve

Nasjonalparkstyret har supplert desse vilkåra for bruken ut frå lokale forhold.

Tilleggskriteriane vil verta lagt til grunn for avtalen som skal signerast av begge partar når ein inngår avtale om bruk av tilhøyrarlogo for Breheimen nasjonalpark.

Hjemmelsgrunnlag

Delegering

I henhold til retningsliner for bruk av kommersielt merke knytta til merkevara *Norges nasjonalparker* skal søknad behandlast av forvaltningsmynde i det aktuelle verneområdet.

Nasjonalparkstyret for Breheimen er delegert forvaltningsmyndighet for Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvern, Mørkridsdalen landskapsvernområde, Mysubytta landskapsvernområde, Honnsrøve Naturreservat og Høyrokamoen naturreservat.

Ettersom dette er den første saken som er til behandling som handlar om bruk av kommersielt merke/logo for Breheimen nasjonalpark, er det foreløpig ikkje gjort vidare delegering av denne typen oppgåver til nasjonalparkforvalter. Denne saken må dermed styrebehandles av Nasjonalparkstyret for Breheimen.

Verneformål – forskrift

«Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særreigne, representative økosystem og landskap som er utan tyngre inngrep.

Vidare er føremålet med nasjonalparken å:

- ta vare på eit høgjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på leveområde til villreinstammen i Ottadalen villreinområde
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- ta vare på ein variasjonsrikdom i geologi med særprega geologiske førekomstar, vegetasjon og landskap
- ta vare på grottene i området
- ta vare på kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.»

Her er det primært aktivitetar som ein skal tilby. Det er viktig at ein i marknadsføring av området og naturverdiane i verneområda gjer dette i tråd med verneformål og -forskrift. Det er viktig at føreslegne aktivitetar som kan/skal utøvast innanfor verneområdet Breheimen nasjonalpark vil måtte vurderast opp mot verneforskrifta for verneområdet. Det er i denne forbindelse naturleg med dialog med nasjonalparkforvalter for å vurdere behovet for søknad om dispensasjon til nasjonalparkstyret. For å kunne sørgje for at eventuelle tillatingar er på plass før aktiviteten utførast, er det viktig at søker tidleg tek kontakt med nasjonalparkforvalter for avklaring av behovet for eventuelle søknadar.

Forvaltningsplan

Retningslinjer for bruk

- Retningslinjer for bruk av kommersielt merke, Designmanual Norges Nasjonalparker å følges.

Naturmangfoldloven

Sjølve tillatinga til bruk av kommersielt merke er vanskeleg å vurdere opp mot nml. §§ 8-12, jf. § 7. Einskilde aktivitetar i regi av bedrifter kan påverka verne- og naturverdiane og vil då vera naturleg å vurdere særskilt.

Presedens

Dette er fyrste gong nasjonalparkstyret for Breheimen behandlar bruken av kommersielt merke. Nasjonalparkforvaltninga har ikkje kjennskap til kor omfattande bruken kan verta, då ein ikkje har fullstendig oversikt over kva, kor mange og kvar aktørar beveg seg både innanfor og utanfor verneområdet. Basert på tilgrensande nasjonalparker som Reinheimen, Jotunheimen og Jostedalsbreen så vil ein anta at det ikkje blir veldig stor etterspurnad etter det kommersielle merket for Breheimen.

Vurdering

Gjeldande sak gjeld ønskje om bruk av det kommersielle merket/logoen for Breheimen nasjonalpark. Nasjonalparkstyret ser det som positivt at relevante aktørar ser moglegheitene som ligg i bruk av logoen. Interessen så langt har vore avgrensa, og det har difor til no ikkje vore vurdert som nødvendig å utarbeide lokale retningslinjer for bruk av kommersiell tilhørslelogo for Breheimen nasjonalpark, men det er lagt opp til at retningslinjer for bruken skal bli behandla i same styremøte som denne saka.

Søkjjar Elvepurka AS ved Andrew Cullens og Anna Zäll ønskjer å trekke til seg gjester som søkjer naturopplevingar. Dei meiner at tilgangen til nasjonalparker og anna natur som legg til rette for mellom anna naturbaserte aktivitetar, kan vere ein ressurs i marknadsføringa av tilboda deira. I den grad marknadsføringa fører til at nærliggande verneområde vert naturlege arenaer for aktivitetar, må desse vurderast opp mot verneforskriftene. Det er naturleg med jamleg dialog med nasjonalparkforvaltaren om behovet for søknader om dispensasjon til nasjonalparkstyret.

Fleire andre nasjonalparkstyre under Statsforvaltaren i Innlandet og Vestland har behandla tilsvarende søknader om bruk av kommersielle logoar, og det er i den samanhengen gjeve tidsavgrensa løyve. Sidan det er etablert ein praksis med tidsavgrensa løyve for denne typen søknader på tvers av nasjonalparkstyra, vel også Nasjonalparkstyret for Breheimen å nytte ei slik avgrensing. Det vert likevel opna for å søkje om forlenging når løyvet nærmar seg utløpsdato. Uavhengig av vilkåret om tidsavgrensing vil løyvet falle bort dersom verksemda opphøyrer, eller verte trekt tilbake ved misbruk av det kommersielle merket. I sistnemnde tilfelle skal innehavaren av merket varslast og få frist til retting før løyvet eventuelt vert trekt tilbake. Vidare må løyvet kunne trekkjast tilbake dersom det vert drive aktivitet i strid med verneføremåla eller på annan måte bryt med nasjonale berekraftmål. Dette er delvis nedfelt i standardavtalen når det gjeld bruk av sjølve logoen.

Aktiviteten til Elvepurka AS føregår i all hovudsak i randsona til Breheimen nasjonalpark og innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark. Omfanget er av mindre innanfor Breheimen og det er per i dag ikkje mogleg å booke turar inn i Breheimen nasjonalpark hjå søkjjar. Søkjjar viser derimot til Styggevatnet og Styggebreen som hovudattraksjon for den hovudaktivitet nær grensa til nasjonalparken, men at turar inn i nasjonalparken kan førekoma. Nasjonalparkforvaltar vurderer at påverknaden ved å tillate å bruke kommersielt merke «skjer i» og «ved» Breheimen nasjonalpark til å ikkje ha nemneverdig påverknad på verneverdiane innanfor Breheimen nasjonalpark med gjevne vilkår.

Ut frå opplysningane i søknaden og nasjonalparkforvaltaren si kjennskap til verksemda og søkjarane, driv desse ei verksemd som vert vurdert å vere i samsvar med kriteria for å kunne nytte det kommersielle merket for Breheimen nasjonalpark.

Utfylling og signering av vedlagde standard søknadsskjema, som ligg tilgjengeleg i designmanualen for merkevara Norges nasjonalparker, stadfestar at søkjjar er kjend med ordninga og vil følgje vilkåra som gjeld for bruk av merket.

Ved tildeling av det kommersielle merket for Breheimen nasjonalpark skal avtalen verta signert av styreleiaren. Avtalen skal innehalda vedtekne tilleggskriterium for Breheimen nasjonalpark, og avtalen skal signerast av søkjjar.

ST 21/26 Delegerte vedtak /
DS 9/26 Delegert vedtak - Breheimen NP - Skjåk - Glitterbue - Styggevæerskvila - Rundhaug - organisert ferdsel - 2026 - utsetting av turposter - Fjellgeita i Skjåk IL 2026/2898
DS 10/26 Breheimen NP - Mysubytta LVO - Strynefjellet LVO - Høydalen LVO - motorferdsel - 2026 - 2029 - helikopter - snøskuter - fangst og radiomerking av jerv - Ny frist for gjennomføring - Norsk institutt for naturforskning NINA 2025/10781
DS 11/26 Delegert sak - Mørkridsdalen LVO - 2026 - Vetlafossa - tiltak på buføringsveg - Skjolden grunneigarlag 2026/3899
DS 12/26 Delegert vedtak - Breheimen NP - Skjåk - Nedre Søvertjønn - motorferdsel - 2026 - snøskuter - Ola Yttre 2026/1576
DS 13/26 Delegert vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - Øyaskredene - Fossabakkane - motorferdsel - 2026 - helikopter - kartlegging av snøskredfare - utbygging av Illvatn kraftstasjon - Hydro Energi AS 2026/3304
DS 14/26 Delegert vedtak - Breheimen NP - Mysubytta LVO - Honnsrøve NR - Strynefjellet LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2029 - preparering av skiløyper - Skjåk Turløyper 2026/1555
DS 15/26 Delegert vedtak - Breheimen NP - Skjåk - Lundadalsvatnet - motorferdsel - 2026 - 2029 - snøskuter - Tor Erik Myhren 2026/3544
DS 16/26 Delegert vedtak - Mysubytta LVO - Skjåk - motorferdsel - 2026 - 2029 - snøskuter - Silje Teigen Ørjasæter 2026/3569
DS 17/26 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2029 - snødekt mark - transport av saltstein - Sauhytta - Yste Sætre - beitebrukere i Lundadalen v/ Tor Erik Myhren 2022/2987
DS 18/26 Breheimen - Delegert vedtak - Justering av trasé - kjentmannsturar ID3 og ID4- 2026 - Luster RKH 2024/2428
DS 19/26 Mørkridsdalen - Delegert vedtak - dispensasjon - motorferdsel - Åsetevatnet - Anfinn Bergesen 2025/8757
ST 22/26 Eventuelt /